

Generelle vilkår – Større idrettsarrangement

Formål

Møre og Romsdal fylkeskommune, ved kulturavdelinga, vil gjennom denne tilskotsordninga bidra til å stimulere til større idrettsarrangement i fylket.

Tildeling skal gå til større meisterskap eller cup på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Kven kan søke

- Idrettsorganisasjonar som arrangerer større meisterskap eller cup på nasjonalt eller internasjonalt nivå
- Ikkje-kommersielle, økonomisk ansvarlege arrangørar i Møre og Romsdal

Desse kan ikkje søke

- Politisk verksemd
- Humanitær verksemd
- Organisasjonar eller aktørar som samlar inn eller vidareformidle midlar
- Organisasjonar eller aktørar som fremmer eigne medlemmer sine økonomiske eller yrkesmessige interesser
- Trussamfunn

Krav til søkar

- Organisasjonen skal vere demokratisk oppbygd der alle kan teikne medlemsskap
- Søkar skal vere registrert i Brønnoysundregistrene med eige organisasjonsnummer
- Arrangementa skal vere offentlege – det vil seie at arrangement utlyst skal vere tilgjengeleg for eit allment publikum

Kva kan det søkast tilskot til

- Kostnadar til å gjennomføre arrangement innan idrett på nasjonalt eller internasjonalt nivå
- Nødvendig arrangementsteknisk utstyr kan inngå i søknaden. Anleggs- og utstyrstilpassing som er nødvendig for tildeling av arrangement kan leggest inn i kostnadene.

Støttenivå

Søknadssummen på tilskotet skal ikkje overskride 50 % av totalbudsjettet på arrangementet.

Nedslagsfelt

Større meisterskap eller cup arrangert i fylket på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Synleggjering

Det skal gå klart fram av kunngjering (annonse/plakatar/program/rapportering og liknande) at arrangementet blir støtta av fylkeskommunen.

Rapportering

- Rapportering på støtteordning skal innehalde:
 - Kort om gjennomføringa av prosjektet med opplysningar om mellom anna program, aktivitet, tal på deltakarar med meir
 - Signert sluttrekneskap

- Det er stilt krav til føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som får tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Sluttrekneskap skal vere kontrollert og signert av nokon som ikkje har vore delaktig i føringa av rekneskapen. For tilskot over 200 000 kroner er det krav om autorisert revisor.

Generelle vilkår

- Ordninga med følgekort for funksjonshemma brukarar skal gjelde for dei opne kulturtilboda som tilskotsmottakarane står som arrangør av.
- Arrangement skal så langt som råd vere tilgjengelege for alle, og bygge på prinsippet om universell utforming.

Kontroll

Fylkeskommunen skal ha høve til å kontrollere at de bruker eller har brukt midlane etter vilkåra. Søkar plikter på førespurnad å legge fram alle opplysningar som er nødvendig for at fylkeskommunen kan gjennomføre ein slik kontroll.

Klagerett

Vedtak om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at det ikkje er høve til å klage på dette vedtaket etter reglene i forvaltningslova.

Endringar og unntak

Ved spesielle tilfelle kan kultur-, næring og folkehelseutvalet vedta at andre søkarar eller tiltak enn dei som er omfatta av retningslinene, kan ta imot tilskot. Det må i slike tilfelle vere særlege grunnar for at tilskot kan bli gitt. Kva som er «særlege grunnar» blir vurdert av kultur-, næring og folkehelseutvalet i kvar enkelt sak.

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet kan til ei kvar tid justere eller endre retningslinene etter dei behov og omsyn som må takast med omsyn til budsjетtrammer og organisatoriske forhold.

Habilitet etter forvaltningslova § 6 blir vurdert i alle ledd av saksbehandlinga.